



Aurland Kommune

Initiativ, skaparlyst, kreativitet!

Velkommen til entreprenørskaps-
messe i Aurland 24.april 2019.
**Messa finn stad i idretts-
hallen frå kl. 10:00 til 14:30.**



SOGN REGIONRÅD

**UNGT
ENTRE-
PRENØR
SKAP**

Velkommen til entreprenørskapsmessa i Aurland

Det er ei stor glede å ønska hjarteleg velkommen til entreprenørskapsmesse i Aurland den 24. april.

Me kan ikkje alle bli ein like stor oppfinnar og forretningsmann som Thomas Edison. Men du kan vera med på å skapa noko som er flott og nyttig, for deg sjølv og for andre. Edison fann opp lyspæra, du kan skapa nye lyspunkt med dine idear og dine prosjekt.

Aurland har eit variert næringsliv, og er særleg kjent for reiseliv, kraftproduksjon og smakfulle landbruksprodukt. Alt har sitt grunnlag i naturen. Men det er berre me som bur her som kan utnytta den vakre naturen og dei sterke naturkreftene til å skapa arbeidsplassar og levande og spennande lokalsamfunn. Ikkje noko er viktigare enn ungdommen sitt engasjement med initiativ og skaparlyst. Slik er det i alle Sognekommunane. Det er din innsats og realisering av dine draumar som løfter oss opp og fram.

Dette er den ellefte entreprenørskapsmessa i regi av Sogn Regionråd og Ungt entreprenørskap. Me gler oss til kreative produkt og spennande elevbedrifter, i kategoriar der de konkurrerer om beste ide, beste salsbedrift, beste nærmiljø/lokalsamfunnsprosjekt, beste klima og miljøtiltak/ berekraftprisen og beste stand. Lykke til alle saman!

Eg vonar du får ein fin og minnerik dag i Aurland, i messehallen og ute på bedriftsbesøk.
Norolv Distad, ordførar.



Konferansierane: F.v. Nora Tangen Aarskog, Oda Nesheim, Marius Andrei Valchizan. Fotograf: Ingrid S. Bortne



Zipline: Ordførar Norolv Distad.
Fotograf: Margun Tollehaug

Program

Kl. 09:30-10:10

Rigging/ klargjering av
elevbedriftene

Kl. 10:10-10:40

Opningsarrangement

Kl. 10:45-14:00

Besøk på stand, plenums-
foredrag og besøk til lokale
bedrifter

Kl. 14:00-14:30

Avslutningsarrangement



Foto: Noratv Distad



Føredragshaldar:

På messa møter du Lisa Stentvedt frå Aurland, som er reisebloggar og sokalla «influencer» på fulltid. Ho reiser jorda rundt, og deler sine opplevingar på Instagram og bloggen Fjords and Beaches. Kan dette kallast ein ekte jobb? Ho fortel om korleis vegen vart til for ho, og korleis det egentlig er å vera bloggar i dag.

Foto: Noralv Distad



SOGN REGIONRÅD

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan eigd av dei 9 kommunane i Sogn: Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd jobbar for å styrke grunnlaget for busetnad og næringsliv, mellom annan gjennom entreprenørskap og kvalitetsutvikling av barnehagane og skulane i Sogn. Messa i Aurland er den 11. i rekka som stiftinga Ungt Entreprenørskap, Sogn regionråd og årets vertskommune arrangerer for ungdomskulane i Sogn.



Aurland
Energiverk AS



Aurland
Sparebank
SUTALAUSTI



System for
styrka læring
Barnehage- og skuleutvikling i Sogn regionråd 2013 - 2021



Aurland Kommune

Ei stor takk til våre sponsorar!